

## 4 klassar til Seglem i byggetida

02.06.2012



Må 4 klassar over hit?

Rehabiliteringa av skulen i Uskedalen skal drøftast på møtet i formannskapet 7. juni og rådmannen går inn for at forprosjekt og kalkyle på 13 846 687,50 kroner vert godkjent. Vidare heiter det at det skal utarbeidast detaljprosjekt og hentast inn anbud med tanke på oppstart sommaren 2013.. Plassering av 4 klassar på Seglem skule i byggetida er også med i forslaget.



Denne fløyen skal bli som ny

Det gjeld klassane frå 4 til 7 og kostnaden på 500 000

til skuleskyss og anna skal dekkjast av prosjektet. Det skal leggjast fram for formannskapet før kontrahering men det kan bli forseinka av ein foreslått generell investeringsstopp på 2 år som også skal drøftast på formannskapsmøtet i neste veke.

Uskedalen-prosjektet har imidlertid kome eit steg vidare ettersom det er utarbeidd forprosjekt med kalkyle. Prosjektet inneber full utskifting av ytterveggen i klasseromsfløyen, nye vindauge og veggjar etter dagens forskriftskrav. Vidare vert innvendig romløyning omdisponert, golv og veggjar fornya og det vert montert nytt varme- og ventilasjonsanlegg. Det vert også gjort tilpassingar i barnehagen, mellom anna lager ute og inne. Klasseromsfløyen vil etterpå framstå som tilnærma ny både utvendig og innvendig, skriv saksbehandlar Magne Øyre.

Han slår imidlertid fast at det ikkje vil vera mogeleg å driva skule i fløyen når arbeidet er igang og det må satsast på alternative lokale. Klassane frå 1 til 3 kan bruka den delen av skulen som ikkje er omfatta av rehabiliteringa, men dei største må skaffast andre lokale.

Ein mellombels brakkerigg er eit alternativ og det vil kosta 2 millionar. Eit anna er å nytta Seglem skule der deler av ungdomsssskulen no held til i påvente av nybygget i Rosendal. Det vil kosta 500 000 i skuleskyss. Den nye ungdomsskulen skal takast i bruk til skulestart 2013. Skal Uskedalelevane til Seglem, kan rehabiliteringa først starta sommaren 2013.

Det betyr maksimalt eit halvt år seinare byggestart enn brakkeriggalternativet. Detaljprosjektering og innhenting av anbud vil ta minst eit halvt år frå no.

Difor rås det til av de eldste elevane blir plassert på Seglem i byggetida. Kommunen reknar med at arbeida vil ta rundt eitt år og fullføringa vil difor falle saman med sommarferien

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen